

Utale til regulering av 106/12 med fleire

Som eigar av gnr 106\24 er eg direkte berørt av planen og har følgande kommentarar

Område for busadfelt er betydlig utvida i høve til føreslått område i komuneplanens arealdel .Planen er altså ikkje i samsvar med overordna plan .

Planen viser at det fins ubebygde tomter som kan nyttast i nærleiken ,det er altså ikkje trong for dette feltet.

Andre stader i Lindås blir bustadbygging henvist til meir sentrale strom

(DØME)

I komuneplanens føresegner og retningslinjer punkt 6.13 og 2.11 krev Lindås komune at det skal gjennomførast trafikksikrings tiltak langs FV400 før utbygging av av småbåt havn på Fanebust .Kva trafikk sikrings tiltak såg ein då føre seg ? før dette er utreda og gjennomført vil ei godkjenning av planen vera i strid med overordna komuneplan .

Planlagt utkjørsel til bustad 1,2,og 3 krev store naturinngrep for å skaffa sikt ,av planen går det fram at utbyggar vil sprenga vekk eksisterande tereng for å løysa dette .

Dette er i strid med utbyggar eigen regulerings plan pk9 der han hevdar at tiltaka i planen skall tilpassast landskapet og terrenginngrep skal skje skånsomt .

Utbyggar byggjer sine vurderingar av trafikk bilete på synsing og ei samanlikning med buss trafikk på 60 talet .

Driftsgrunnlag for tiltaka ved sjøen ligg heller ikkje ved .Det er dette driftsgrunnlaget som dannar grunnlag for berekning av auke i ÅDT ,utan dette er det nermast umogeleg å gjera ei kvalitetsikra vurdering av forventa auke i trafikk til anlegget.

Som medeigar i privat kloakkanlegg som er tenkt nytta krev eg at det må leggest fram dokumentasjon på at anlegget er dimensjonert og har kapasitet til å ta imot den auke av gråvaten dette vil medføre .

Eg har sjølv borehol for vaten i nerleiken av dei ny bustadane og ber om garanti for at sprenging /anleggs arbeid ikkje skal ha innvirkning på vaten tilførsel eller kvalitet .

DERSOM PLANEN LIKVEL VERT GODKJENT MÅ DET SKJE PÅ FØLGANDE VILKÅR

: Komunedelsplanens føresegner og retningslinjer pk 16.13 med krav om trafikk sikring langs FV400 blir gjort gjeldane for heile planen ,dette må gjelda heile planen.

: Bustadfeltet må reuserast til innafor føreslått område i komuneplan

: Tal Bueiningar pr byggeområde og total antal bueiningar i plan/felt skal gå fram av regulerings plan

: Pungt 2.1.3 i regulerings plan må BRA settjast ned til 30% som er vanleg utnyttelsesgrad i byggefelt for Lindås

: Pungt 2.1.5 Ein finn det underleg at ein ved bygging av garsje ikkje tek hensyn til byggegrense mot veg

Til slutt

Saman med gr 106,142,116,75.78 ber eg om at min eigedom 106/24 blir halden utanfor føreslått reguleringsplan

Eg gjer merksam på at eg ikkje vil ta del i kostnader i samband med regulerings plan

Eg ber om at kopi av utbygger svar til innsendt meknader blir sendt meg straks desse føreligg hos komunen .